

## Takk for at du hjelper oss å hjelpa.

Det er tid for å fornja ditt medlemskap i Røde Kors.  
Med ditt bidrag er du med på å sikra viktige aktivitetar i Vossabygda.

2021 har som 2020 vore prega av koronapandemien og me har som alle andre mått tilpassa aktivitetane våre etter dette.

Frå vaksineringa mot Covid-19 starta i februar har frivillige frå Røde Kors hjelpt Voss herad med registrering og observasjon av vaksinerte på vaksinestasjonane på ungdomsskulen og i idrottshallen. Her har frivillige gjort ein fantastisk dugnadsinnsats kvar veke.

Mange aktivitetar har vore stengt i lang tid og det har vore til dels utfordrande å få aktivitetane i gang att. Rekruttering av nye frivillige har vore ei viktig oppgåve i haust og me er glade for å ha fått mange nye frivillige i aktivitet men me har framleis behov for fleire.

Etter at institusjonane har vore stengde i lengre tid var det fint å koma i gang att med aktivitet på Voss sjukeheim og Vetleflaten omsorgssenter. Besøkstenesta har songstund på sjukeheimen ei gong i veka og besøkshunden Kelly er på besøk annakvar veke. På Vetleflaten er ei gruppe frivillige inne og besøkjer bebuarane ei gong i veka. Elles er besøkstenesta òg godt i gang att med ein til ein besøk.

Hjelpekorpsset har i haust starta grunnutdanning for nye frivillige i hjelpekorpsset. Dei nye frivillige har no vore gjennom fyrstehjelpskurs og sambandskurs og vil på nyåret ta kurs i søk og redning. Etter dette vil dei vera ferdig utdanna hjelpekorpsarar og klare til å delta på sanitetvakter, henteoppdrag, søk og redning og andre oppdrag for hjelpekorpset.

Røde Kors sitt aktivitetskort har vorte eit viktig bidrag til inkludering av born og unge i fritidsaktivitetar. Kortet kan kjøpast på Vossabadet men familiær med låg inntekt kan få dette gratis ved tilmelding. Med støtte frå Bufdir har me no kort som kan brukast til 15. august 2022. Korta kan nyttast i Vossabadet, på Voss Bowling, Voss kino og i Klareparken.

Takk for at du støttar det frivillige arbeidet til Voss Røde Kors. Me håpar du vert med oss vidare i 2022.

Med venleg helsing

Voss Røde Kors  
v/ Marie Kvåle Tverberg  
Leiar